



Årsrapport 2010



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS



Styret

Styret har i 2010 hatt
6 medlemmer:

- Arve Due Lund, *Styreleiar*
- Børre Jacobsen, *Nestleiar*
- Ellen Marie Lillevangstu
Njøs, *Styremedlem*
- Olav Reidar Furnes,
Styremedlem
- Aud Viken, *Styremedlem*
- Aage Ness, *Styremedlem*
(tilsettes representant)

Varamedlemmer:

- Jofred Åsnes
- Bjørn Tønnesen

Styreleiaren har ordet

Sidan Sogn og Fjordane Røde Kors starta sin aktivitet på Haugland på 1980-talet, har Røde Kors-prinsippa og dei verdiar Røde Kors bygger sin aktivitet på, stått sentralt i utviklinga av senteret. Respekt for enkeltmenneske, likeverdig behandling og tru på kvart enkelt individ sine ressursar, er verdiar vi ynskjer å fremme på senteret. Målet om å auke den enkelte sin moglegheit for deltaking sosialt og i samfunnslivet blir stadig viktigare i ei tid der vi ser at mange fell utanfor. For ein del vil dette bety auka deltaking i arbeidslivet, men også andre arenaer kan gje oppleving av å høyre til og moglegheit for å bidra i samfunnet. På Haugland er vi heldige som har eit stort mangfald av aktivitetar som mange ulike brukargrupper kan glede seg over. United World College og all aktiviteten der, er eit viktig supplement til det faglege tilbodet som er på senteret.

Fagleg kvalitet og kompetanse har vore avgjerande for at rehabiliteringssenteret har fått nye avtalar som har gjeve moglegheit for utviding av aktiviteten. Vi har nådd dei vekstmåla vi sette oss i 2006, og både fått auke i godkjente pasientdøgn, fått auka den tverrfaglege bemanning og styrka det fysikalsk medisinske miljøet. Senteret har god soliditet med omsyn til eigenkapital og har vore i stand til å få gjennomført viktige oppgåver for å oppretthalde høg kvalitet. Med 70 godkjente plassar har senteret ein viktig funksjon i regionen. Det er ei målsetting for institusjonen at vi også i framtida skal vere leiande på rehabilitering både regionalt og nasjonalt.

For å halde eit høgt fagleg nivå, har det i tillegg til kjerneaktiviteten vore lagt vekt på kunnskapsbygging og kunnskapsdeling gjennom etter- og vidareutdanning, forskning, mottak av studentar i deira praksisperiodar, føredragsverksemd med meir. Det vert og arbeidd med å utvikle modellar for kunnskapsoverføring til kommunehelsetenesta. Med den varsla samhandlingsreforma der kommunane blant anna skal få større ansvar for rehabilitering, ser vi at dette arbeidet vil kome til nytte. Vi ser difor fram til vidare samarbeid med kommunane i vårt nærområde slik at vår kompetanse innan rehabilitering kan verte nytta for utvikling av gode tilbod til brukarane.

Arve Due Lund
Styreleiar



Grafisk formgjeving: Inform Media, Førde
Trykkeri: Scanner Grafisk

Organisasjonen

Senteret hadde i 2010 ei god utvikling med nye avtalar med det offentlege, noko som resulterte i vidare utviding av staben ved institusjonen. Totalt auka ein opp til 54 årsverk, med størst auke innan medisinsk fagleg stab. Tilsetjing av ny spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, er med på å styrke kvaliteten på tenestene. Vi er glade for at vi ved utgangen av 2010 hadde på plass fire legar, med spesialistkompetanse innan både fysikalsk medisin og rehabilitering og allmennmedisin.

Også dei andre faggruppene vart styrka med stor auke blant anna på fysioterapi- og sjukepleieavdelinga.

Avtalar

1. oktober 2010 inngjekk senteret nye avtalar med Helse Vest RHF. Dei nye avtalane er avtale om spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale om arbeidsretta rehabilitering innan Raskare tilbake-ordninga.

Avtale om spesialisert rehabilitering

Avtalen om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester gjeld for to år med opsjon på eitt + eitt år. Avtalen omfattar totalt 59 plassar. Av dette er 4 plassar knytt til dag tilbod. Avtalen omfattar tilbod til følgjande grupper:

- Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel-, skjelett-, bindevev-, revmatiske og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus
- Pasientar med sjukleg overvekt

Raskare tilbake

Det er i tillegg inngått avtale med Helse Vest om 11 plassar inkl. ein dagplass innanfor Raskare tilbake-ordninga. Dette tilbodet er retta til personar som er sjukmeldt eller står i fare for å bli sjukmeldt og som med eit spesialisert og tilpassa rehabiliteringstilbod kan styrke si arbeidsevne.

Dagrehabilitering – eit nytt tilbod ved senteret

Senteret har i ny avtale med Helse Vest fått moglegheit til å gje tilbod om dag rehabilitering i tillegg til det ordinære rehabiliteringstilbodet institusjonen har. Dette tilbodet er retta mot personar som har behov for spesialisert rehabilitering, men som ikkje har behov for eit døgnbasert rehabiliteringstilbod. Rehabiliteringstilbodet blir individuelt tilrettelagt ut frå pasienten sine behov og målsettingar for opphaldet.

Tilbodet var nytt i oktober 2010 og ein har difor ikkje hausta mange erfaringar så langt. Dette er eit tilbod som kan vere godt eigna for personar som ikkje bur for langt frå senteret, og vi trur at fleire vil nytte seg av tilbodet når det blir betre kjent.

Arbeidsretta rehabilitering gjennom Nav

Institusjonen har i 2010 hatt avtale med NAV om levering av arbeidsretta rehabilitering som døgntilbod. Avtalen omfattar åtte sengeplassar. Tilbodet er landsdekkande, men det har i hovudsak vore nytta av NAV Sogn og Fjordane.

Tilbodet inneheld ein kombinasjon av arbeidsførebuande trening, generell opptrening, funksjonsfremmande trening, opplæring/instruksjon knytt til fysisk trening, motivasjon, kontakt med arbeidsgjevar eller anna arbeidsliv, og trening i sosial meistring. Tenesta har eit klart arbeidsretta fokus, og vert relatert til arbeidsplassen vedkommande er i. For dei som er utan arbeid, samarbeider ein med brukaren i høve å komme seg inn att i arbeidslivet. Vi har ved oppfølging av desse brukarane erfart at fleirtalet seier dei har gått tilbake i arbeidet eller trappa opp arbeid etter avslutta opphald.



Kari Fismen, Spesialist i onkologisk fysioterapi og ansvarleg for lymfødempoliklinikken.

Lymfødempoliklinikken

Det er tilsett ein fysioterapeut, Spesialist i onkologisk fysioterapi i 20 % stilling i lymfødempoliklinikken. Tilbodet gjeld komplett fysikalsk lymfødembehandling (KFL) som omfattar hudpleie, manuell lymfødembehandling, bandasje-ring, pulsatorbehandling, tilmåling av kompresjonsstrømper samt søknad på grunnstønad ved behov. Behandlinga kan vere intensiv, dvs. dagleg eller som vedlikehaldsbehandling dvs. etter individuell avtale. Tidsbruk: 60-90 minutt pr. behandling Det vert også gjeve rettleiing og behandling ved sequele etter kreftbehandling.

Det er flest pasientar frå Sogn og Fjordane som har fått tilbod ved lymfødempoliklinikken (65%).

Søknad og ventetider

I august 2010 oppretta Helse Vest regional vurderingseining for behandling av søknadar til private rehabiliteringsinstitusjonar. Det vil seie at alle søknadar frå fastlegar vert vurdert ved regional vurderingseining, før dei vert vidare-sendt til institusjonen.

Vi mottok i 2010 totalt 1318 skriftlege søknadar. Av desse var det 985 personar som fekk opphald. Kring 5 % av søknadane vart avslått.

Avtalen med Helse Vest auka frå 55 døgnplassar til 65 døgnplassar i oktober. Totalt oppnådde vi eit belegg på 100 % i forhold til avtalen med Helse Vest.

Ventetida har vore noko varierende avhengig av diagnose-gruppe. Lengst ventetid var det for pasientar med sjukleg overvekt, der ventetida var på to år. Med ny modell for behandling av pasientar med sjukleg overvekt frå 2011, er det forventa at ventetida til denne gruppa skal gå betrakteleg ned. Elles har ventetida variert frå to til 18 veker. Pasientar som blir søkt inn gjennom Raskare tilbake-ordninga får høg prioritet og har ei ventetid på ca to veker.

Utdannings – og opplæringsinstitusjon

Institusjonen er i tillegg til å vere godkjent som utdanningsinstitusjon for lege i spesialisering, også i stor grad nytta som turnus og praksisplass av andre helsefagutdanningar ved høgskulane på Vestlandet. I 2010 var det studentar innan ergoterapi, fysioterapi, sjukepleie, folkehelsearbeid, fysisk aktivitet og helse og idrett som gjennomførte sine praksisperiodar ved institusjonen. Studentane som er i praksis viser seg å vere lærevillige og

kunnskapshungrige, noko som er både utfordrande og inspirerande for dei tilsette ved institusjonen.

Lege Halvard Seljesæter gjennomførte eitt år av si spesialistutdanning i allmennmedisin ved senteret i 2009/2010. I denne samanheng var det lagt opp til eit ambisiøst undervisningsopplegg som også andre faggrupper ved institusjonen fekk ta del i.

Ung energi på Haugland

Alle studentane på United World College deltek i eit sørvis-program, i tillegg til det ordinære studieprogrammet. Dette betyr at dei har ansvar for ein sosial aktivitet i løpet av veka.

Mange studentar vel å ha sin praksis på Haugland Rehabiliteringssenter. Samarbeidet med 200 unge frå 86 ulike land gir oss ein unik sjanse til å formidle ung energi og glede. Seks dagar i veka er det organisert aktivitetar på ettermiddag /kveld som er møteplassar mellom pasientar og studentar på Haugland. Aktivitetane er ulike og pasientane kan vere publikum, delta sjølv, få informasjon og ny kunnskap, eller dele erfaringar og opplevingar.

Ein av dei mest populære aktivitetane er internasjonal dans. Kvar laurdag ettermiddag planlegg studentane introduksjon av dans frå ulike land. Sjølv om ikkje alle kan dei rette stega etterpå, kan dette vere ei fin oppleving å ta med seg heim.

I den andre enden av skalaen er kunstmaling i eitt av naustet på Haugland. Naustet er alltid ope, men kvar måndag er det ein felleskveld med studentane. Vi ynskjer ikkje å legge

opp til "kursaktivitet" men heller at dette er ein arena der ein kan gje kvarandre inspirasjon som kanskje kan føre til glede over å utfalde seg på eit malelerret. Når våren og sommaren kjem og ein kan opne dørene mot sjøen, ser vi at mange nyt stunda ved naustet.

Vi ser at møta mellom pasientane og studentane på Haugland gjer mange viktige opplevingar for begge partar. Ikkje minst ser vi at energien studentane formidlar gjennom aktivitetane skaper ein ekstra motivasjon for mange. Uansett er det kjekt for alle å ha nokon å sei «good morning» til på morgonturen.



Foto: Privat



Foto: Privat

Frå venstre: Sollaug Rennestraum, Inger Johanne Osland og Synnøve Igelkjøn

Heidra for lang og tru teneste

April 2010 var det 25 år sidan dei første vart tilsett på Hauglandsenteret. To av desse er framleis ved rehabiliteringssenteret, og dette vart markert med tilstelling i Bekkerhuset i april. Synnøve Igelkjøn har vore involvert heilt sidan Sogn og Fjordane Røde Kors starta sin aller første aktivitet på Haugland. Ho har hatt ansvar for mange ulike tilstellingar, blant anna når institusjonen har hatt besøk av kongelege gjestar eller andre celebritetar. Synnøve har dei siste åra vore den som har tatt imot alle dei nye pasientane og vist dei til rette på senteret. Sjølv om Synnøve nådde pensjonsalder i 2009, har ho halde fram i jobben.

Også på kjøkkenet har vi god kompetanse med lang erfaring. Sollaug Rennestraum mottok også gåve for 25 års teneste i 2010. Ho har vore tilsett som kokk på kjøkkenet sidan 1985 og har tatt aktivt del i den utviklinga senteret har hatt. Frå å vere ansvarleg for koking til 25 pasientar, har dei no ansvar for å koke til nærare 100 personar. Det krev både mot og evne til omstilling for å vere med på ei slik utvikling. Vi er glade for at Sollaug har planar om å vere med på den vidare utviklinga av senteret enno nokre år.

Offisiell åpning av «KaNo?»-prosjektet

Fredag 8. oktober 2010 kl 19.30 markerte Hauglands-senteret den offisielle åpninga av «KaNo?»-prosjektet – eit rehabiliteringstilbod for unge (mellom 18 og 35) som har gjennomgått kreftbehandling.

Dagen hadde et variert program der direktør Inger Johanne Osland leia kvelden, overlege Eirik Fismen hadde fokus på rehabilitering og stipendiat May Aasebø Hauken presenterte bakgrunnen for og innhaldet i «KaNo»-prosjektet. Prosjektet blei offisielt opna av ordførar Arve Helle, som også er styreleiar i Haugland Internasjonale Forskings- og utviklingsselskap (HIFUS).

Hovudinnslaget denne kvelden var imidlertid konserten «Livsglede – grip øyeblikkene» av Dagfinn Lyngstad (gitar), Gunn Waage Austad (sang), Mette Bø Lyngstad (forteljing) og Eivind Waage Austad (piano). Kvartetten som bur og arbeider i Bergen ynskjer gjennom song, musikk og forteljing å formilde håp og livsmot. Mette Bø Lyngstad fekk sjølv kreft i ung alder og representerte dermed også målgruppa for «KaNo»-prosjektet. Gjennom innblikk frå eiga historie og utvalde dikt – i kombinasjon med både fantastisk song og instrumental musikk. Dette vart ei verdig opning av prosjektet og ei fantastisk oppleving som gjorde stort inntrykk på de 150 tilhøyrarane som var møtt opp i auditoriet på UWC.



Frå venstre: Dagfinn Lyngstad (gitar), Gunn Waage Austad (sang), Mette Bø Lyngstad (fortelling) og Eivind Waage Austad (piano).

Foto: Bente Leversen

May Aasebø Hauken har grunnutdanning som sjukepleiar og har lang erfaring i arbeid med kreftpasientar på ulike nivå. Stipendiatstillinga er dekkja gjennom Eckbo's legat. Stipendiaten er tilknytt Hemil-senteret ved Universitetet i Bergen der prosjektets hovudrettteiar også er.



Forsking og utvikling

Brukarevaluering

Institusjonen gjennomfører brukarundersøking blant alle pasientane som er til rehabilitering på senteret. I 2010 tok vi i bruk eit nytt skjema som er utarbeidd av Kunnskaps-senteret. Pasientane svarer på totalt 37 spørsmål, der dei rangerer frå 1 (ikkje i det heile tatt) til 5 (i svært stor grad). Resultata frå undersøkinga vert nytta til systematisk utvikling og forbetring av tilbodet vårt. Resultata frå brukarundersøkinga kan du lese på www.rkhr.no

Nytilsett dr. grads stipendiat

May Aasebø Hauken er tilsett som dr.grads stipendiat knytt til prosjektet «KaNo – Rehabilitering av unge kreftpasientar».

I Noreg er det kvart år ca 650 nye tilfelle av kreft i aldersgruppa 18 – 35 år. Pasientane må ofte gjennom langvarige og belastande kombinasjonsbehandingar, men majoriteten overlever. Pasientane er imidlertid i ein sårbar livsperiode både med tanke på utvikling, utdanning, yrkesval og etablering. Nyare forskning viser at mange får både fysiske, psykiske og sosiale seinskadar med stor innverknad på livskvalitet og deltaking i samfunnsliv og arbeid. Sjølv om det er lovfasta rett til rehabilitering i Noreg, er ikkje dette ein integrert del av kreftbehandlinga. Det eksisterer ingen rehabiliteringstilbod til denne pasientgruppa og behovet for meir kunnskap, oppfølging og forskning er difor stort.

Målet med «KaNo?»-prosjektet er å utvikle og utprøve eit kunnskapsbasert, målretta og strukturert rehabiliteringsprogram for unge mellom 18 og 35 år som har gjennomgått kreftbehandling. Gjennom bruk av ulike forskingsmetodar ynskjer vi å få fram deltakarane sine eigne erfaringar frå å få ein kreftdiagnose og gjennomgå behandling, samt erfaringar frå sjølv rehabiliteringsprogrammet. I forskingspro-

sjektet målar vi også deltakarane sin livskvalitet, meistring, angst/depresjon og sosialt stress på ulike tidspunkt i prosjektet.

Rehabiliteringsprogrammet strekker seg over tre veker med ei veker reopphald etter 3 og 6 månadar. Innhaldet i programmet fokuserer på individuelt tilrettelagt fysisk aktivitet, undervising og samtalegrupper basert på kognitiv terapi, individuell oppfølging ut frå behov, treffe andre i same situasjon og pårørande helg.

Forskingssamarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane

Senteret inngjekk i 2010 eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane knytt til prosjektet: Livsstilsending som behandling av sjukleg overvekt. Eivind Aadland og Randi Jepsen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane starta i februar innsamling av data til sine doktorgradsarbeid.

Bakgrunnen for studien er at overvekt og fedme er ei stor utfordring internasjonalt og nasjonalt. Konsekvensane av aukande overvekt er redusert levetid, førekomst av ei rekke sjukdomar, redusert livskvalitet og økonomiske konsekvensar for den enkelte i samfunnet. Det finst og relativt lite kunnskap om korleis livsstilsbehandling fungerer for pasientar med sjukleg overvekt, kontra pasientar som vel bariatrisk kirurgi.

Studien skal undersøkje korleis langvarig livsstilsending hjå sjukleg overvektige påverkar fysisk aktivitetsnivå, fysisk form, kroppsvekt, kroppssamansetnad, livskvalitet og risikofaktorar for hjarte- og karsjukdom. Innsamlinga av data skal vere avslutta hausten 2011, med påfølgande publikasjonar i 2012.

I'M POSSIBLE


Hauglandsenteret og UWC hadde fredag 19. november besøk av Cato Zahl Pedersen. Pedersen vart i 1973 utsett for ei høgspenstulukke som endra livet hans totalt. Han har i tida etter dette ikkje latt seg avgrense av amputasjonane som kom som ei følge av ulukka, men bevist drive ein «funksjonskamp». Denne kampen har gjeve han 13 gullmedaljar i Paralympics (1980-94), ekspedisjonar til Sydpolen (1994), verdas sjette høgste fjell Cho Oyu, 8.201 moh (2005) og Mount Everest, 8.850 moh (2007). Under den siste ekspedisjonen valde han å snu 200 meter under toppen grunna tryggleik.

Fredagen starta med føredraget «I'm possible» i auditoriet til UWC. Her møtte tilsette frå begge institusjonane, studentar og pasientar for å høyre Pedersen fortelje om korleis han har latt «Impossible» bli til «I'm possible».

Med si breie og lange livserfaring kom Pedersen inn på viktige individuelle og teammessige suksesskriterium og drivkrefter for å lukkast. Han fokuserte på at uansett oppgåver og mål, er vegen til resultata den store opplevinga. Han la vekt på orientering mot moglegheiter, planlegging, gjennomføringskraft, eigen motivasjon, teamarbeid og samhandling mot felles mål og endringsvilje.

Etter føredraget hadde Pedersen møte med leiarane ved senteret. Her diskuterte vi både kva vi på senteret kunne lære av Pedersen si historie og filosofi, samt snakka om senteret sin ideologi.






Aldersfordeling

Totalt 80 % av pasientane var under 60 år. 32 prosent av pasientane var i aldersgruppa 50 – 59 år, mens 28 % var i aldersgruppe 40 – 49 år. Aldersfordelinga er lite endra i forhold til aldersfordelinga i 2009.

Geografisk fordeling

Den geografiske fordelinga av pasientane held seg nokolunde likt år for år med flest pasientarr frå Hordaland (65 %) og deretter Sogn og Fjordane med 25 % av pasientane. Vi ser at det er nokre færre frå Rogaland i 2010 enn det var i 2009 (9 % mot 13 % i 2009). Kring 1 % av pasientane kom frå andre stader i Noreg.

Når det gjeld fordeling på kommunar, var det i 2010, som i 2009, Bergen og Fjell kommune i Hordaland som brukte institusjonen mest med hhv. 296 og 44 pasientar. I Sogn og Fjordane kom det også i 2010 flest pasientar frå Flora (39), mens det frå Rogaland var flest frå Sandnes kommune (14).



Diagnosefordeling



12 % av pasientane var fordelt på andre diagnosegrupper. Størst av desse var gruppa innan nevrasteni med 4 %.

Årsmelding for 2010

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Verksemdas art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialisthelsetenester og NAV om tilbod innan arbeidsretta rehabilitering. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2010 er positivt med kr 808 685. Selskapet har i 2010 fått ei auke i eigenkapital frå kroner 7 251 955 til kroner 8 060 640.

3. Framleis drift

Styret meiner det er riktig å legge føresenaden for framleis drift av selskapet til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

4. Arbeidsmiljø

Sjuefråværet i 2010 er på nivå med sjukefråveret i 2009. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god. Gjennomsnittleg tal årsverk var 49. Gjennomsnittleg tal tilsette var 65, av dette var 14 menn og 51 kvinner. Selskapet sitt styre har 6 medlemmer, fire menn og to kvinner.

5. Yre miljø

Selskapet si verksemd har ikkje innverknad på det ytre miljøet. Eit uhell i 2010 førte til eit utslepp av 9000 l. diesel. Avgrensing av skadeomfanget vart sett i gang umiddelbart. I ettertid kan ein ikkje sjå at uhellet har hatt synleg innverknad på miljøet.

Haugland den 14/3-11

Arve Due Lund,
Styreleiar

Børre Jacobsen,
Nestleiar

Ellen Marie Lillevangstu Njøs
Medlem

Olav Reidar Furnes
Medlem

Aud Alice Viken
Medlem

Aage Henry Ness
Medlem

Inger Johanne Osland
Dagleg Leiar

Balanse

EIENDELER	Noter	2010	2009
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	276 361	314 182
Sum immaterielle eiendeler		276 361	314 182
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	2 161	16 561
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	2 801 596	1 574 096
Sum varige driftsmidler		2 803 757	1 590 657
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		3 130 119	1 954 839
Omløpsmidler			
Varer		176 000	114 400
Fordringer			
Kundefordringer		59 638	147 990
Andre fordringer	6	1 058 275	34 200
Sum fordringer		1 117 913	182 190
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	10 392 073	11 626 619
Sum omløpsmidler		11 685 986	11 923 209
SUM EIENDELER		14 816 104	13 878 049
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		5 502 328	4 693 643
Sum opptjent egenkapital		5 502 328	4 693 643
Sum egenkapital		8 060 640	7 251 955
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 738 058	1 042 787
Betalbar skatt	8	281 751	394 873
Skyldige offentlige avgifter		1 868 214	1 534 199
Gjeld til selskap i samme konsern	6	0	900 000
Annen kortsiktig gjeld		2 867 442	2 754 235
Sum kortsiktig gjeld		6 755 465	6 626 094
Sum gjeld		6 755 465	6 626 094
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		14 816 104	13 878 049

Resultat

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2010	2009
Driftsinntekter		40 357 537	34 948 630
Annen driftsinntekt		1 994 410	2 021 047
Leieinntekt	5	1 164 253	960 625
Sum driftsinntekter		43 516 200	37 930 302
Varekostnad		2 336 529	2 401 629
Lønnskostnad	2	25 670 858	22 484 635
Ordinær avskrivning	3	707 727	619 216
Annen driftskostnad	2, 5	13 837 087	11 223 862
Sum driftskostnader		42 552 200	36 729 342
Driftsresultat		963 999	1 200 960
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		157 528	168 031
Annen rentekostnad		- 677	- 656
Netto finansresultat		156 851	167 375
Ordinært resultat før skattekostnad		1 120 851	1 368 335
Skattekostnad på ordinært resultat		- 312 166	- 663 252
ÅRSRESULTAT		808 685	705 083
Overføringer			
Overført til/-fra annen egenkapital		808 685	705 083
Sum overføringer		808 685	705 083

Haugland, den

14/3-11

Arve Morten Due Lund
Styreleder

Olav Reidar Furnes
Medlem

Aud Alice Viken
Medlem

Åge Henry Ness
Medlem

Børre Jacobsen
Nestleder

Ellen Marie Lillevangstu Njøs
Medlem

Inger Johanne Osland
Daglig leder

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering

og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Note 2 – Antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Ytelser til ledende personer	Pensjons-Lønn	kostnader	Annen godtgjørelse	Sum
Daglig leder	624 756	0	5 642	630 398
Styret	66 750	0	0	66 750
Lønnskostnad			2010	2009
Lønn			20 917 140	18 614 603
Folketrygdavgift			2 451 566	2 139 355
Pensjonskostnader			1 962 689	1 202 957
Andre ytelser			339 463	527 720
Sum			25 670 858	22 484 635
			2010	2009
Antall årsverk			49	46

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskaps pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 61.250. Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand utgjør kr 22.125.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	3 989 194	6 671 399
Tilgang i året	0	1 920 827	1 920 827
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	5 910 021	8 592 226
Samla ordinære avskrivninger	980 044	3 108 424	4 088 468
Ekstraordinær nedskrivning	1 700 000	0	1 700 000
Bokført verdi 31.12	2 161	2 801 597	2 803 758
Årets avskrivninger	14 400	693 327	707 727
Prosentsats for avskrivning	10%	14-20 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålyd-ende	Eier-andel	Stemme andel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A-aksjer	kr 1	97,7%	100%
SFRK Eigedom AS	45 147	B-aksjer	kr 1	1,8 %	0%
Andre	13 165	B-aksjer	kr 1	0,5 %	0%
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0%	100%

Spesifikasjon av egenkapital:

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Kapital 1.1.	2 558 312	4 693 642	7 251 954
Årets resultat		808 685	808 685
Kapital 31.12	2 558 312	5 502 327	8 060 640

Noter

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 4.820.796. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 790.000.

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk. tidspunkt	Forretnings- kontor	Eier-/stem- meandel	Egenkapital pr. 31.12.09	Resultat pr. 31.12.09
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	33%	484 491	-224 818

Mellomværende med morselskap,
Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr. 31.12	2010	2009
Langsiktig fordring	0	0
Kortsiktig fordring	980 000	0
Kortsiktig gjeld	0	900 000

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler med kr. 1.110.380.

Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2010	2009	Endring
Betalbar skat	281 751	394 873	
For mykje avsatt skatt i 2009	- 7 406	280 000	
Endring i utsatt skatt	- 37 821	- 11 621	
Skattekostnad	312 166	663 252	
Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2010	2009	
Driftsmidler	- 987 006	- 1 122 076	
Skattesats	28%	28%	
Netto utsatt skattefordel/ -forpliktelse i balansen	- 276 361	-314 182	37 821

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabilitering AS

MELDING FRÅ REVISOR

FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabilitering AS, som er samansett av balanse pr. 31. desember 2010 og resultatrekneskap som syner eit overskot på kr. 808.685,- for rekneskapsåret avslutta pr. denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysingar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysingane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er førmålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Røde Kors Haugland Rehabilitering AS pr. 31. desember 2010 og av resultatane for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Norge.

UTSEGN OM ANDRE TILHØVE**Konklusjon om årsmeldinga og bruk av overskotet**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, meiner vi at opplysingane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framlegget i årsrekneskapen om bruk av overskotet, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysingane er konsistente med årsrekneskapen.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysingar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Førde, 14. mars 2011
Deloitte AS


Leif Kilnes
statsautorisert revisor



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • Fax 57 73 57 96

E-post: inntak@rehabiliteringssenter.no

www.rkhr.no

Grafisk formgivning:
Inform Media, Førde

